



Felleskorpset under samlinga i Uskedalen.

Til helga arrangerer Rosendal skulekorps stort seminar for 4 skulekorps. Det er musikarane frå skulekorpsa i Uskedalen, på Tysnes og på Husnes som deltar saman med vertskorpset sine musikarar. Dyktige og velkjende Yngve Nikolaisen er musikalsk leiar, og han har med seg 6 erfarne instruktørar.



Yngve Nikolaisen vert musikalsk leiar også i år.

Det er 3. gong korpssamlinga i denne forma vert arrangert. Det var Husnes skulekorps som tok initiativet til den første samlinga i 2013. I april 2014 var den i Uskedalen. Då vart også Tysnes skulekorps med i tillegg til Kvinnherads-korpsa. Yngve Nikolaisen musikalsk leiar også på den gongen. Begge dei to føregåande samlingane har vore store suksessar som har gjeve mykje god inspirasjon og utvikling til dei unge musikarane. Det er god støtte frå Sparebank1-stiftinga som har gjort det mogeleg å arrangera desse samlingane, og dei støttar opp også i år.

Det vert om lag 80 musikarar som samlast fredag kveld. Dei er i alderen 8 til 18 år, og det vert samspel i grupper på tvers av korpsa. I tillegg til Yngve er det altså 6 dugande instruktørar. Dei kjem frå Bergens-området og Wales. I tillegg til musikkøktene har samlinga også stor sosial verdi.

Samlinga vert avslutta med konsert i Rosendal samfunnshus søndag ettermiddag kl.15. Dei som hugsar konserten etter forrige samling, skjønar det vert ei flott oppleving. Då var det mest fullsett sal. Det fortener musikarane denne gongen og.



Eit stort publikum fekk oppleve ein flott konsert på forrige samling.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland